



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Administrasjonsutvalet  
**Møtestad:** Møterom Austefjord, Volda rådhus  
**Dato:** 21.11.2017  
**Tid:** 11:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no), som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 9/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 10/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 11/17	<b>Orienteringssaker</b>
OS 1/17	<b>Lønsforhandlingane 2017</b>

**PS 9/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 10/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

**PS 11/17 Orienteringssaker**



# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Berit Lyngstad

Arkivsak nr.: 2017/2164

Arkivkode: 510

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
1/17	Administrasjonsutvalet	21.11.2017

## Lønsforhandlingane 2017

Lønsforhandlingane i 2017 vart gjennomført i perioden 18. september til 4. oktober. Som forventa vart det eit moderat oppgjer. I kapittel 4 vart det forhandla om meir enn det som låg i den lokale potten, men innafor budsjett. I kapittel 5 vart resultatet i snitt 2,55 % og i kapittel 3.4.2 vart resultatet 2,54 %. I kapittel 3.4.1 vart resultatet 2,37 %. Evalueringa syner at det er eit godt forhandlingsklima mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane, men at det framleis er nokre utfordringar på den tekniske sida.

## Særskilt om kapittel 4

Det sentrale oppgjeret i kapittel 4 vart i år på 2,4 %. Den attståande potten til lokale forhandlingar skulle utgjere 0,9 %. For Volda kommune utgjorde dette kr. 2 300 000. I Volda kommune har det vore forhandla fram ein protokoll som tilseier at kompetanseløn gjeven mellom dei lokale forhandlingane skal trekkast frå den lokale potten (protokollen er ikkje lenger gjeldande, dette vart endra frå 1. januar 2017). Siste lokale forhandling i kapittel 4 var i 2014, og i perioden oktober 2014 til desember 2016 vart det gjeve kompetanseløn på kr 1 154 088. Beregningsutvalet vart einige om ein pott på kr. 1 197 912. Dette var ei historisk låg pott. Arbeidsgjevar såg at dette reduserte det reelle forhandlingsgrunnlaget og at forhandlingane kunne bli veldig krevjande.

Budsjettert lønsvekst i 2017 var på 2.7 %. I tillegg hadde arbeidsgjevar eit handlingsrom på kostnadene ved kompetanseløna. Etter ei vurdering gjekk arbeidsgjevar inn med kr 250 000 og auka den lokale potten til kr 1 477 923.

Undervegs i forhandlingane vart særleg eit tema gjeldande: mangelen på sjukepleiarar i sektor Helse- og omsorg, og utfordringane med å rekruttere nye. Arbeidsgjevar ønskte å gje eit viktig signal, og forhandla med Norsk Sykepleierforbund (NSF) om eit flatt tillegg til alle sjukepleiarar i turnus/pleie på kr 5 000. Dette omfatta også sjukepleiarar organisert i Fagforbundet Volda. I tillegg tok arbeidsgjevar kostnadene med å innføre eit funksjonstillegg til verneomboda. Kostnadene ved desse to tiltaka vart kr 283 866 over pott, og vart dekt av arbeidsgjevar.

## LOKALE FORHANDLINGAR 2017 – sentrale tal

Opphøveleg pott (0,9 % av lønsmassa)	2 352 000
Kompetanseløn i fratrekk	1 154 088
Pott til lokale forhandlingar	1 197 912
Nye midlar frå arbeidsgjevar	250 000
Ny pott	1 477 923
Sjukepleiarløft og verneombod	283 866
Totalt forhandla om	1 731 778

### Særskilt om kapittel 5

Lønsveksten i kapittel 5 vart i snitt på 2,55 %. Det vart gjort nokre tilpassingar til urimelege skilnadar mellom tilsette som har nokon lunde like arbeidsoppgåver. Elles var det eit ordinært oppgjer.

### Særskilt om kapittel 3.4.2

I dette kapittelet vart oppgjeret i snitt på 2,54 %. Her ligg tre store leiargrupper. Einingsleiarane i Helse- og omsorg, samt barnehagestyrarar og rektorar i Opplæring og oppvekst. Det er leiarkoder i kapittel 4, samt eit nytt leiarkapittel 3.4.3. Ut frå diskusjonane som kom fram under forhandlingane, vart det avtalt at arbeidsgjevar skal ta initiativ til å få fram retningslinjer for kva type leiar som skal ligge i desse kapitla, og kva delegering som skal følgje med.

### Særskilt om kapittel 3.4.1 C

I kapittel 3.4.1 c fekk ein eit oppgjer i snitt på 2,37%, men dette inkluderte to leiarar som har slutta i stillingane og som ikkje fekk lønsauke. Reelt snitt for rådmannen si leiargruppe vart 2,96% for dei som faktisk fekk lønsauke. Ein forsøkte å jamne ut for spesielt to leiarar som låg lågt i forhold til sektorar som det er naturleg å samanlikne med, og i tillegg var det fokus på det den enkelte leiar har oppnådd.

### Særskilt om kapittel 3.4.1 A

Fastsetjing av lønsauke for rådmann og assisterande rådmann vart gjort av den politiske leiinga i kommunen. I gjennomsnitt fekk desse ei lønsauke på 2,96%.

### Evaluering av årets forhandlingar

I møte med arbeidstakarorganisasjonane er årets forhandlingar evaluert. Det er nokre ting som utmerkar seg:

- arbeidsgjevar får gode tilbakemeldingar på førebuing av prosessen
- det er viktig og positivt at sektorleiarane er involvert og med på forhandlingane
- det er eit godt forhandlingsklima, og ein god tone mellom partane
- det må jobbast meir med sjølve dagsorden, då det blir forseinkingar i programmet
- det datatekniske må vere på plass til neste gong, då det tek alt for lang tid å få ut resultatata (samt at det krev mykje administrative ressursar)